



Naturvernforbundet

Nordhordland

Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

11. oktober 2022

Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Krav om stans av arbeid med landbruksveg på 185/1 m.fl. Isdal og spørsmål

Naturvernforbundet Nordhordland er orientert om og har erfart at store delar av landbruksveg på 185/1 m.fl. Isdal over lang tid er bygt utan søknad og løyve. Det kan ha ført til uboteleg skade på naturmangfald og kulturminne.

Først lenge etterpå når tiltaket nærmar seg ferdigstilling og mogleg skade er gjort, gjev Alver kommune per 06.10.22 løyve til tiltaket.

Vi gjer merksam på at bygging av landbruksveg utan søknad og løyve er i strid med forskrifta for landbruksvegar og difor ulovleg. Dette meiner vi kommunen må ha vært klar over.

I forskrifta heiter det i § 2-1 om søknadsplikt:

«Nybygging og ombygging av landbruksveier, etablering av massetak, samt tiltak som omfattes av [§ 1-3](#) andre ledd, kan ikke iverksettes uten skriftlig tillatelse fra kommunen.

Søknad om tillatelse skal sendes kommunen på skjema fastsatt av Landbruksdirektoratet.»

Ved slike alvorlege lovbrøt som på Isdal har kommunen iflg. forskrifta sanksjonsmoglegheiter, m.a. melding til politiet og mulkt og gebyr. Vi meiner kommunen må gå til slike skritt her.

Naturvernforbundet Nordhordland førebur klage på løyvet av 06.10.22. For å førebyggja skade på naturmangfald og kulturminne krev vi at alt arbeid med landbruksvegen vert stansa inntil vidare og i alle fall til klagen er endeleg tatt stilling av kommunen og evt. høgare klageinstans.

Når det gjeld søknaden og løyvet bed Naturvernforbundet Nordhordland dessutan om svar på følgjande spørsmål:

1. Kva tiltak er gjort for å unngå avrenning av jordmassar mot Langavatnet?
2. Kva konsekvensvurderingar er gjort i høve naturmangfald, jfr. naturmangfaldslova §§ 8-12? Meiner kommunen vurderingane er tilstrekkelege?
3. Er risiko og konsekvensar for vassmiljøet i Langavatnet og Fiskesetvassdraget vurdert?
4. Vi har registrert tilkøyrd ureina jordmassar i tiltaket, m.a. svartelista framandartar. 'Kvifor er det ikkje gjeve løyve til berre stadbundne jordmassar?
5. Meiner kommunen at vegklasse 4 og svært store fyllmassar og landskapsinngrep er naudsynt for å løysa ut den relativt avgrensa skogen på B (sjå kart i løyvet med oversyn over vegtraséen)?
6. Meiner kommunen at kulturminnekartlegginga og -vurderingane er tilfredsstillande og tilstrekkeleg?

Med helsing
Jan Nordø
leiar

